



Alkoholpolitisk del av  
**Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016 – 2020**  
for Etne kommune

## **Del 2**

### **Innhold:**

- 1. Generelt**
- 2. Skjenkebevilling**
- 3. Tider for skjenking**
- 4. Salsbevilling**
- 5. Ansvar og mynde**
- 6. Andre forhold**
- 7. Retningslinjer for reaksjonar på brot**

## Del 2

### Alkoholpolitiske retningslinjer for Etne kommune

#### 1. Generelt

##### 1.1.

Dei alkoholpolitiske retningslinjene som her vert presentert gjeld for bevillingsperioden 2016 til 2020, og er grunnlag for tildeling av bevillingar for sal og skjenking i denne perioden. Den enkelte søknaden om sal og skjenkebevilling for alkoholvarer skal handsamast i samsvar med dei alkoholpolitiske retningslinjene.

Alkohollova av 01.01.98 med endringar av 01.01.16 med forskrifter legg grunnlag for retningslinjene. Alkohollova gjeld for alle område innan sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer.

##### 1.2.

Kommunen har som mål å avgrensa samfunnsmessige og individuelle helseskader gjennom kontrollert bruk av alkoholhaldige drikkevarer. Ved praktisering av retningslinjene skal det takast omsyn til eit godt bu- og oppvekstmiljø. Det bør også takast omsyn til at kommunen er en del av ein turistregion. Bevillingspolitikken skal være forutsigbar og med retningslinjer som gir næringa godt driftsgrunnlag og konkurransevilkår. Kontroll av tildelte bevillingar skal sikra at sal og skjenking skjer i tråd med lov og retningslinjer.

##### 1.3.

Bevillingsperioden er 4 år. Bevillingsperioden 2016 – 2020 er slutt 30.09.2020, jf alkohollovens § 1-6. Det er i lova opna for vidareføring av løyver utan søknad, men Etne kommune fastheld at alle sals- og skjenkeløyve skal fornyast kvar 4. år. Enkeltsøknadar som vert handsama i bevillingsperioden kan få bevilling for ein periode som varer fram til ny bevillingsperiode tek til.

##### 1.4.

Ved tildeling og fornying av bevilling skal det leggjast vekt på om søkjar er å sjå på som eigna til å ha sals- eller skjenkebevilling. Forhold knytt til vandel skal leggjast vekt på, jfr. Alkohollovens § 1-7 b og c, og det vert tatt omsyn til tidlegare erfaring med søkjaren si utøving av bevilling som:

- brot på vilkår som er sett for bevillinga
- brot på skjenke- eller aldersreglar
- endring av driftskonsept utan godkjenning
- klanderverdige ordensforhold ved serveringsstaden
- brot på reklamereglane

## 2. Skjenkebevilling

### 2.1. Tildeling

Ved tildeling av bevilling for både faste og einskildhøve skal det leggjast vekt på antal sals- og skjenkestader, målgruppe, staden der det er søkt om løyve, trafikk og ordensmessige tilhøve.

44

### 2.2. Unnateke bevilling

Det vert ikkje gitt skjenkebevilling til følgjande:

- Det vert ikkje gitt alminneleg skjenkebevilling til verksemder knytt til skular og barnehagar.
- Det vert som hovudregel ikkje gitt skjenkebevilling ved idrettsarrangement og arrangement som er spesielt retta mot på barn og unge.
- Det vert ikkje tildelt skjenkeløyve til servering i kjøpesenter/butikkområde i tidrommet når butikkane har ope.
- Det vert ikkje gitt skjenkebevilling til gatekjøkken, bensinstasjonar, kioskar og liknande. Jmf. Alkoholforskriften Kap. 3 - § 3-4.

### 2.3 Idrettshallar

Skjenking i idrettshallane i Etne og Skånevik.

Det kan gjevast skjenkebevilling til idrettshallane i Etne og Skånevik når skjenketida ikkje omfattar skuletida.

### 2.4. Utandørs serveringsareal

Verksemnda kan ha bevilling for dei same drikkevarer ute som inne. Området for skjenking skal vera særskilt angitt/avgrensa og godkjent av kommunen.

Ute-servering skal kunne gå føre seg utan sjenanse for omgivnaden og utan fare for at det kan skje uhell. Det vert lagt til grunn som sjølvstøtt at politivedtektene vert haldne og at verksemnda sikrar at retningsgjevande støyverdiar vert haldne i forhold til kringliggjande bygningar/bustader.

### 2.5. Ambulerande bevilling

Kommunen kan tildele inntil 2 ambulerande bevillingar jfr. Alkohollovens § 4-

5. Ambulerande bevilling vert kun gitt til slutta lag etter søknad retta til kommunen.

Definisjon av slutta lag skal til ei kvar tid tolkast ut frå det Alkohollova og tilhøyrande regelverk ligg til grunn.

### 2.6. Bevilling for eit einskildhøve

Kommunen kan gi bevilling for eit einskildhøve med unnatak av arrangement som rettar seg spesielt mot barn og unge.

Ved ute-arrangement vert det som hovudregel berre gitt bevilling til alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gruppe 2.

### 2.7. Vakhald og ansvar

Bevillingshavar har ansvar for å syta for tilstrekkeleg vakhald. Arrangementet må vera godkjent frå politiet si side for at løyve skal vera gyldig. Bevillingshavar er ansvarleg for at lov, forskrifter og reglar vert fylgde og må gi tilstrekkeleg opplæring til vakter og anna personell

### 3. Tider for skjenking av alkohol

I Etne kommune er det slik skjenketid for alkoholhaldig drikk:

For øl og vin inntil 22 volumpst alkohol: kl 08:00 til kl 01:30

For brennevin over 22 volumpst alkohol: kl 13:00 til kl 01:30

#### Campingplassar:

Skjenketida er i perioden 15.5. – 15.9 er avgrensa frå kl. 08:00 til 22:00 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 og frå kl.13:00 til 22:00 for alkoholhaldig drikk gruppe 3. Skjenketida i perioden 16.9. – 14.5 for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er frå kl 08:00 til 01:30 og for alkoholhaldig drikk gruppe 3 frå kl 13:00 til 01:30. Skjenketida er lik både inne og ute.

### 4. Salgsbevilling

#### 4.1.

Ordinære daglegvareforretningar kan etter søknad få bevilling til sal av alkoholhaldige varer med inntil 4,7 volumprosent alkohol (gruppe 1), jf. alkoholloven § 3-1.

#### 4.2.

Tider for sal og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1.

Måndag til fredag kl 0800 til kl 2000

Laurdag kl 0800 til kl 1800

### 5. Ansvar og mynde

Kommunestyret vedtar alkoholpolitiske retningslinjer i forkant av ny bevillingsperiode. Tildeling av bevillingar vert handsama i samsvar med kommunen sitt vedtekte delegasjonsreglement.

I reglement for Komité Drift arbeidsoppgåver heiter det:

- Alkoholpolitikk/tildeling, skjenkeløyve (Alkohollova)

Rådmannen har delegert fylgjande mynde etter alkohollova, jf. m.a. rusmiddelpolitisk handlingsplan:

- a. Tildeling av ambulerande skjenkeløyve.
- b. Tildeling av skjenkeløyve for enkelthøve inntil ein dag.
- c. Utviding av skjenketid ved enkelthøve inntil ein dag.
- d. Utviding av skjenkeareal ved enkelthøve inntil ein dag.
- e. Godkjenna endring av styrar og stedfortredar for sals- og skjenkeløyve.
- f. Fastsetja det årlege gebyret for faste bevillingar og skjenkeløyve ved eit einskildhøve
- g. Innendra sals - eller skjenkebevilling for inntil 2 veker ved brot på reglane.

## 6. Andre forhold

### 6.1. Sal- og skjenkekontroll

Etter alkohollova skal kommunen ha kontrollordning som tar vare på kommunen si plikt til å kontrollere bevillingane. Kontrollordninga skal prioriterast høgt.

46

Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketider, aldersgrensereglar, og at det ikkje vert seld eller skjenka til personar som er openbart påverka av rusmiddel.

Alle sals- og skjenkestadar skal kontrollerast minimum ein gong pr år, og det totale talet på kontrollar skal være minimum tre gongar så mange som talet på bevillingar.

Kontrollane skal i størst mogeleg grad gjerast i periodar og på døgnet når det er flest besøk/kundar.

Komité Drift er kontrollorgan for kommunale sals- og skjenkebevillingar.

Etne kommune skal nytta inngått vertskommune samarbeid , NoRoSun Skjenke- og Salskontroll. Sauda kommune er vertskommune for samarbeidet.

### 6.2. Rapportering av omsetning

Bevillingshavar er pliktig til å rapportera til kommunen mengde omsatt alkohol for kvart år innan 1. mars påfølgjande år.

Omsetningstala dannar grunnlag for utrekning av gebyr som til ei kvar tid føl dei maksimale satsane som er fastsett i forskrift.

Gebyr for ambulerande bevilling og for enkelthøve føl også dei maksimale satsane i forskrift, men for større arrangement skal gebyret reknast som for alminneleg bevilling.

Sals- og skjenkeavgiftene skal dekke kommunen sine utgifter til kontrollordning inkl. nødvendig opplæring. Overskytande inntekter til sals- og skjenkeavgifter vert avsett til fond for bl.a. opplysnings- og haldningsskapande tiltak mellom barn og unge.

### 6.3. Internkontroll

Bevillingshavar skal ha internkontroll for verksemda si, og som en del av denne skal bedrifta gjennomføre opplæring i alkohollova for dei tilsette. Bedrifta må ha gode, dokumenterbare rutinar for å sikra at drifta er forsvarleg og i samsvar med regelverket. Kommunen kan gi informasjon og tilby samarbeid om kompetansehevande tiltak.

### 6.4. Ansvarleg vertskap

I kvar bevillingsperiode skal kommunen tilby kurs i «ansvarlig vertskap» til daglig leiar, styrarar, avløysar og andre som har sal og eller skjenking av alkoholhaldig drikk som sitt arbeidsfelt ved sals- og skjenkestadane i kommunen.

Alle faste skjenke- og salsløyve pliktar å stille med deltakar/deltakarar på kurs i 'Ansvarleg vertskap' når kommunen arrangerar dette. Same kravet vert stilt til festivalarrangørar og arrangørar som gjennomsnittleg har tre einskildarrangement eller meir i året.

Kommunen administrerer tilbodet i nært samarbeid med politi, skatte- og avgiftsmynde og SLT (samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak).

Formålet med ordninga er å skape ei betre dialog/forståelse mellom bevillingsmynde og næringa og betre kompetansen i den enkelte bedrifta.

## 7. Retningslinjer for reaksjonar på brot på alkohollova, forskrift og vilkår for løyve

Frå 01.01.2016 vart det innført nasjonale retningslinjer for brot på alkohollova jmf. §10 -1 til §10-7 i alkoholforskrifta:

*«§ 10-1. Bestemmelsene om prikktildeling og inndragning i § 10-2 til § 10-6 gjelder der kontroll gjennomført i henhold til kapittel 9 i denne forskriften eller rapport fra andre myndigheter, avdekker at innehaver av kommunal salgs- eller skjenkebevilling ikke har oppfylt sine plikter etter alkoholloven, bestemmelser gitt i medhold av alkoholloven, bestemmelser i lov eller i medhold av lov som har sammenheng med alkohollovens formål, eller plikter som følger av vilkår i bevillingsvedtaket.*

*§ 10-2. Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.*

*Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.*

*Ved beregning av toårsperioden skal overtredelsestidspunktene legges til grunn. Toårsperioden gjelder uavhengig av om bevillingen er fornyet i løpet av perioden, jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdragelse begynner ny periode på overdragelsestidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.*

*§ 10-3.*

### **Følgende overtredelser fører til tildeling av åtte prikker:**

- salg, utlevering eller skjenking til person som er under 18 år, jf. alkoholloven § 1-5 annet ledd
- brudd på bistandsplikten, jf. § 4-1 annet ledd i denne forskriften
- brudd på kravet om forsvarlig drift, jf. alkoholloven § 3-9 og § 4-7
- hindring av kommunal kontroll, jf. alkoholloven § 1-9.

### **Følgende overtredelser fører til tildeling av fire prikker:**

- salg og utlevering til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 3-1 i denne forskriften, skjenking til person som er eller må antas å bli åpenbart påvirket av rusmidler, jf. § 4-2 første ledd i denne forskriften
- brudd på salgs-, utleverings- og skjenketidsbestemmelsene, jf. alkoholloven § 3-7 og § 4-4
- skjenking av alkoholholdig drikk gruppe 3 til person på 18 eller 19 år, jf. alkoholloven § 1-5 første ledd
- brudd på alderskravet til den som selger, utleverer eller skjenker alkoholholdig drikk, jf. alkoholloven § 1-5 tredje ledd.

**Følgende overtredelser fører til tildeling av to prikker:**

- *det gis adgang til lokalet til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller bevillingshaver sørger ikke for at person som er åpenbart påvirket av rusmidler forlater stedet, jf. § 4-1 i denne forskriften*
- *mangler ved bevillingshavers internkontroll, jf. alkoholoven § 1-9 siste ledd, jf. kapittel 8 i denne forskriften*
- *manglende levering av omsetningsoppgave innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften*
- *manglende betaling av bevillingsgebyr innen kommunens frist, jf. kapittel 6 i denne forskriften*
- *brudd på krav om styrer og stedfortreder, jf. alkoholoven § 1-7c*
- *gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, jf. alkoholoven § 1-8 annet ledd*  
*gjentatt diskriminering, jf. alkoholoven § 1-8 annet ledd.*

**Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:**

- *brudd på kravet om alkoholfrie alternativer, jf. § 4-6 i denne forskriften*
- *brudd på regler om skjenkemengde, jf. § 4-5 i denne forskriften*
- *konsum av medbrakt alkoholholdig drikk, jf. § 4-4 i denne forskriften*
- *gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften*
- *brudd på krav om plassering av alkoholholdig drikk på salgssted, jf. § 3-3 i denne forskriften*
- *brudd på vilkår i bevillingsvedtaket, jf. alkoholoven § 3-2 og § 4-3*
- *brudd på reklameforbudet, jf. alkoholoven § 9-2, jf. kapittel 14 i denne forskriften*
- *andre overtredelser som omfattes av alkoholoven § 1-8 første ledd, jf. blant annet alkoholoven § 3-1 sjette ledd, § 4-1 annet ledd, § 8-6, § 8-6a, § 8-12 og § 8-13.*

*§ 10-4. Dersom det foreligger helt spesielle og svært formildende omstendigheter, kan kommunen tildele færre prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3.*

*Dersom det foreligger svært skjerpene omstendigheter, kan kommunen tildele flere prikker for en overtredelse enn det som følger av § 10-3. Kommunestyret kan ved svært skjerpene omstendigheter også øke lengden på inndragningen utover det som følger av § 10-2, i de alvorligste tilfellene for resten av bevillingsperioden.*

*Dersom omstendigheter som nevnt i første og annet ledd vektlegges, skal dette begrunnes særskilt i vedtaket.*

*§ 10-5. Der det foreligger grunnlag for prikktildeing, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om tildeling av prikker, jf. forvaltningsloven § 16.*

*Kommunestyret fatter enkeltvedtak om tildeling av prikker. Bevillingshaver skal i forbindelse med vedtaket orienteres om mulige konsekvenser ved ytterligere prikktildelinger.*

*Vedtaket etter annet ledd kan påklages etter forvaltningslovens regler. Der klageretten ikke benyttes, kan tildelingen av prikker likevel påklages i forbindelse med klage på senere vedtak om inndragning hvor tildelingen av prikker inngår som grunnlag.*

*§ 10-6. Dersom tildeling av prikker danner grunnlag for inndragning, skal kommunen sende ut forhåndsvarsel om inndragning av bevillingen, jf. forvaltningsloven § 16.*

*Kommunestyret fatter enkeltvedtak om inndragning av bevilling på grunnlag av tildeling av prikker.*



*Kommunen bør iverksette vedtak om inndragning innen fire uker etter vedtakelsesdato.*

*§ 10-7. En bevilling kan inndras dersom den ikke er benyttet i løpet av det siste året. Bevillingen kan likevel ikke inndras dersom årsaken til manglende bruk av bevillingen er en hindring utenfor bevillingshavers kontroll og som han ikke med rimelighet kunne unngå eller overvinne følgene av. Dette gjelder bare i den utstrekning det kan antas at driften kan gjenopptas innen rimelig tid.»*